



## MØTEPROTOKOLL - DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Tirsdag 25. mars 2025 kl. 18.30 Dombås kyrkje

### Med tale- og forslagsrett:

Frå Dovre sokn: Else Karin Stigen

Frå Dombås sokn: Monica Øvstedal

Stab: Kirkeverge May Uv Myhren

### Med stemmerett:

Dovre sokn: Helle Hundevadt, Jostein Dalslåen, Wenche Håvelsrud og Ann Kristin Moldal

Dombås sokn: Siw Anita Killi Kvatningen, May Britt Storheil og Inger Pauline Gravem, Gro Anita Myhren

Geistlig repr. Bente Sverdrup

Kommunerepr.: Knut Nytn

Ikke tilstede:

## SAKER TIL HANDSAMING

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SAK 15/25 TILBUD PÅ PUTER TIL DOMBÅS KYRKJE

SAK 16/25 RETNINGSLINJER FOR GRAVFERD I DOVRE

SAK 17/25 BROSJYRER

SAK 18/25 EVENTUELT

DAGENS ORD FRA PRESTEN

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfester med underskrifta vår at det som er ført under saksnummer 15-18/25 er i samsvar med det som er vedtatt på møtet.

Knut Nytn  
Helle Hundevadt  
May Britt Storheil  
Inger Gravem  
Siw Anita Kvatningen  
Wenche Håvelsrud

Monica Øvstedal  
Jostein Dalslåen  
Else Karin Stigen  
Gro Anita Myhren  
Ann Kristin Moldal

Innkalling: 25. Mars 2025.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/formannskap og rådmann, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti, revisor.

### **15/25 TILBUD PÅ PUTER TIL DOMBÅS KYRKJE**

Kirkevergen ba om tilbud på puter til Dombås kyrkje. Vi har mottatt tilbud på 140 puter. Pris pr pute er 1102,- eks mva. en total sum på 154 280,- eks mva. fra Nidaros kirketekstiler. Prismessig er det ingen forskjell på de to kvalitetene som ble forespurt, typen krus og fjord. (se vedlegg)

**Innstilling:** Det foreslåes og halvere antall puter fra 140 til 70 stk og at putene bestilles når finansiering er på plass. Det foreslåes også at offer til nye Dombås kyrkje er med og finansierer puter.

**Vedtak:** Som innstilling. Det skal opplyses ved gudstjeneste om offerformål og kollekt.

### **16/25 RETNINGSLINJER FOR GRAVFERD I DOVRE**

Lesja har revidert sine retningslinjer og det er ønske om nye retningslinjer for gravferd i Lesja og Dovre.

Det er med å legge føring for hvordan vi ønsker at de ulike prosessene for gravferd skal foregå i vårt sokn og som vi mener best ivaretar pårørende. Disse vil bli sendt ut til begravelsesbyråene og vil være tilgjengelig for eventuelle prestevikarer og eksterne byrå i fremtiden.

**Innstilling:** Dovre kyrkjelege råd vedtar nye retningslinjer for gravferd i Dovre

**Vedtak:** som innstilling

### **17/25 BROSJYRER**

dersom formålet er å spre informasjon om kirkene i Dovre, så er brosjyrer mer egnet.

De kan legges ut på hoteller og andre overnattingssteder, biblioteket mm - og slik nå ut til mange flere enn de som besøker kirka.

Et hefte på ca. 40 sider skrevet og utgitt nå før alt i Dombås kyrkje er på plass vil kreve en ny utgave allerede om et eller to år.

Hans Jacob har skrevet et tekstforslag for Dovre kyrkje - både beregnet på hefte - en lengre tekst, og en tekst beregnet på brosjyre.

En tanke/mulighet er at den lengre teksten kan legges ut på kirkas nettsider, da kan den lett oppdateres når det er behov for endringer.

Hans Jacob inviteres til rådsmøte 25.03 for å informere mer og svare på eventuelle spørsmål.

**Innstilling:** Hans Jacob sitt forslag er at vi i vår lager to brosjyrer; en for Dovre kyrkje og en for Eysteinkyrkja.

For Dombås kyrkje, så bruker vi den som ble brukt i fjor - fram til kirka har fått på plass alter/kor-utsmykkingen. DKR ønsker å få fremlagt forslag på brosjyrer og pris før rådet tar beslutning på antall brosjyrer og om når det skal settes i produksjon.

**Vedtak:** som innstilling

## **20/25 EVENTUELT**

1. Informasjon status kirkeverter for sommeråpen kyrkje.
2. Inger Gravem og Bente Sverdrup informerer om Himalpartner, Bente informerer kort om årets fasteaksjon.
3. Branninstruks, kirketjener må være til stede på konserter.
4. kyrkjesafari 24 april. Lesja, Dovre og Dombås kyrkje.
5. Minnelund.
6. Informasjon om påmelding til dugnad Eysteinkyrkja 10. april.

# REGLAR OG RETNINGSLINER FOR GRAVFERDER I DOVRE

## INNLEIING

Når nokon av våre næraste dør, føler vi sagn, smerte og tomheit. Samstundes er det ofte litt kaotisk i og ikring oss. Korleis skal vi få ordna opp i alt? Kva må vi passe på, og kven kan hjelpe? Kyrkja har eit spesielt ansvar i ein slik situasjon, da dei aller fleste ynskjer kyrkjeleg seremoni, og gravlegging oftast skjer på ein gravplass. Kyrkja i Dovre ynskjer å møte dei pårørande med forståing og omsorg, gjeva god rettleiing om gravferda generelt, og ei verdig gravferd for alle.

Dovre kyrkjelege råd har derfor utarbeidd reglar og retningslinjer for korleis ei gravferd skal administrerast og gjennomførast i Dovre. Forhåpentlegvis vil desse vera til nytte både for pårørande, kyrkja sine medarbeidarar og gravferdsbyråa.

## KYRKJA SITT ANSVAR

Det er Dovre kyrkjelege råd, ved kyrkjeverje, som har forvaltningsansvaret for gravferder i Dovre. Kyrkjeverje er den som fastset dag og tidspunkt for gravferd.

Dovre kyrkjelege råd ynskjer at gravferder skal vera nøkterne og vise den likskap som gjeld alle menneske i kyrkjerommet.

## GRAVFERDSBYRÅ

Mange ynskjer hjelp av eit gravferdsbyrå til å ordne praktiske detaljar i samband med gravferda. Det er viktig med eit ope og godt samarbeid mellom kyrkja og gravferdsbyrå, slik at dei pårørande blir ivareteke på best mogleg måte.

Når det er to aktørar som ivaretek oppgåvene, er det viktig at vi kjenner til kvarandre sine ansvarsområde og rollar.

I Dovre blir sjølv gravferdsseremonien gjennomført utan medverknad frå gravferdsbyrå.

Gravferdsbyrået kjem med kiste og blomar, men trekkjer seg så attende, og har ikkje noko rolle under sjølv seremonien.

## NÅR NOKON DØR

### Dødsattest og dødsmelding

Når eit menneske dør, må ein lege sjå den døde og skrive ut dødsattest.

Det er gravferdsbyrået som melder dødsfallet til tingretten. Om nokon vel å ikkje bruke gravferdsbyrå, må det avklarast kven som tek ansvar for at tingretten blir varsla.

### Melding om gravferd

Gravferd skal meldast til Dovre kyrkjekontor v/kyrkjeverje (40309152 el. 61240036)

Kyrkjeverje (eller evt. vikar) overtek nå ansvaret, og sørgjer for at prest, organist og kyrkjetenar blir varsla. Kyrkjeverje har og kontakt med gravferdsbyrå når dette er nytta.

Presten tek kontakt med næraste pårørande for å avtale tid og stad for sorgsamtale.

### Sorgsamtale og minneord

Sorgsamtale må haldast så raskt som mogleg, og i god tid før sjølv gravferdsdagen. I samtale med presten kan ein søke råd og trøyst i ei vanskeleg tid, samt avtale meir konkrete ting kring sjølv gravferda.

Presten vil gjerne få innblikk i den avdøde sitt liv, som grunnlag for arbeidet med minne orda. Minneorda kan, om ynskjeleg, skrivast og haldast av pårørande, eller skrivast av pårørande og haldast av presten. Visst familien ynskjer, kan dei få tilgang til å lesa gjennom minneorda på førehand.

### **Gravplass, tid og stad for gravferda**

Gravferda skal ha funne stad innan 10 verkedagar etter dødsdagen. Kyrkjeverje har ansvar for å finne gravstad.

Gravferdsdagar i Dovre er tysdag og fredag, men det kan opnast for gravferd på onsdag. Måndag, torsdag, laurdag og søndag er ikkje gravferdsdag.

## **ANSVAR FØR OG UNDER SEREMONIEN**

### **Presten sitt ansvar**

Presten forretter gravferd etter Den norske kyrkja sin liturgi, og er forplikta til det. Forrettande prest er ansvarleg for sjølve seremonien i kyrkjerommet og på gravplassen.

### **Kyrkjetenaren sitt ansvar**

Kyrkjetenaren har ansvar for at kyrkjerommet er klart til gravferda/bisettinga, og legg til rette for prest og pårørande før og under seremonien. Det er kyrkjetenaren som tek imot kista og dei pårørande.

Kyrkjetenaren skal vera til stade i kyrkjerommet under heile seremonien. Vedkommande er brannansvarleg og tek praktiske avgjersler i samband med seremonien (i samråd med presten).

### **Pårørande sitt ansvar**

Det er dei pårørande sitt ansvar at kista blir frakta inn i kyrkja. Kista skal vera på plass 1 t og 15 min. før seremonien tek til. Om gravferdsbyrå blir brukt, vil deira representant sørge for at kista kjem på plass i kyrkja. Kyrkjetenaren legg til rette for utstyr i kyrkja.

Ved gravferd er det dei pårørande som sørgjer for at det er inntil 6 personar som bær kista ut av kyrkja og fraktar den til gravstaden. I Dovre er det manuell senking, med tau, og det er da berarane sitt ansvar å senke kista. Kyrkjetjenar informerer pårørande hvordan dette foregår. Ved bisetting er det tilsvarande. Det er dei pårørande sitt ansvar at kista blir frakta bort. Når gravferdsbyrå blir brukt, er det deira representant som sørger for dette.

## **PYNTING AV KYRKJEROMMET**

Kyrkjene i Dovre er utstyrt med det ein treng for å halde gravferdsseremoniar, og kyrkjerommet er utsmykka med nødvendig ljøs, bilete og symbol.

Kyrkjerommet er eit rom som inneheld element som er, og skal vera, godkjende av biskopen for bruk i kyrkja.

Når ein pyntar med ljøs og blomar, skal dette gjerast med omtanke. Det er kyrkja, ved kyrkjetenaren, som har ansvar for, og tek avgjer, for heilheita.

### **Blomar**

Blomar skal ikkje plasserast slik at dei dekkjer for altaret eller altartavla.

Blomane skal leverast i kyrkjerommet, men dersom det pågår, eller er planlagt, andre aktivitetar i kyrkja før seremonien, skal blomane leverast i sakristiet.

Ved gravlegging skal gravferdsdeltakarane ta blomane med ut til grava når kista blir bore ut.

Ved bisetting blir blomane, som ikkje følgjer kista, verande att inne i kyrkja. Desse blomane kan pårørande ta seg av, og for eksempel legge blomane på den ventande gravstaden. I vintersesongen vil det ikkje nødvendigvis vera brøyta fram til denne grava. Kyrkjetenaren tek seg av blomane dersom dei pårørande ikkje har gjort det.

### **Bruk av levande ljøs**

Det blir nytta levande ljøs i gravferder, og det er kyrkja sine stakar som skal nyttast.

Av omsyn til brannsikkerheit, er det derfor ikkje anledning til å setja inn ekstra oppsatsar med levande ljøs.

Det skal ikkje brukast anna ljøs enn det som er ein del av den fast installerte ljøssetting i kyrkjene under ei gravferd.

## **GJENNOMFØRING AV SEREMONIEN**

### **Mottaking til seremonien**

Det er kyrkjetenaren si oppgåve å ta imot familien når dei kjem med kista.

Kyrkjetenaren er med og legg til rette for pynt, bilete, blommar, ljøs og evt. kondolanseprotokoll og korg i våpenhuset.

### **Program**

Familien har oftast trykte salmehefte, desse kan familien også lage sjølve. men det er og mogleg å bruke kyrkja sine salmebøker (forutsett at det ikkje er store gravferdsfølge). Blir salmebøker brukt, må kyrkjetenaren henge opp salmenummer. Kyrkjens tenester er kostnadsfri.

Familien er ansvarleg for utdeling av program/salmebøker i våpenhuset.

### **Sitteplassar**

Pårørande og alle som bidreg i seremonien sit i kyrkjerommet.

Representant frå gravferdsbyrået kan sitja bak i kyrkja.

### **Pengegåver**

I dei tilfelle der familien ynskjer pengegåver til eit bestemt formål, blir det sett fram ei korg i våpenhuset. Slike gåver skal ikkje registrerast i kyrkja sitt rekneskap, og konvoluttane blir derfor levert direkte til familien etter seremonien. Det er familien sitt ansvar å sende pengane vidare til det aktuelle formålet.

### **Musikk**

Det skal som hovedregel vera levande musikk i gravferder.

Det er ynskjeleg at alle salmane som blir brukt står i salmeboka.

Dette gjeld ikkje for eventuelle soloinnslag.

Salmer og musikk som blir brukt i gravferden skal vera godkjent av prest og organist på førehand.

### **Solo og solist**

Er det ynskjeleg med solist i ei gravferd, er det familien sitt ansvar å skaffe og betale for denne.

Praktisk gjennomføring av solistinnslag og musikk må avklarast med organisten før det blir teke inn i programmet.

### **Preludering**

Dei siste 20 min før seremonien tek til, spelar organisten (preludering). Familien kan koma med ynskje om musikkstykke til preluderinga.

### **Kransar og handtering av blomar**

Det er kyrkjetenaren som tek hand om dei oppgåvene som skal utførast under ein seremoni.

Krans/bårebukett på kista blir liggjande når helsinga blir lese opp.

Når presten les sløyfene på dei øvrige kransane. Kyrkjetjenar eller pårørande kan også fram for å lese og helde opp kransane for presten.

### **Ved grava**

Presten går fyrst i gravfølgjet ut til grava. Kyrkjetenaren har ansvar for at alt er klart ute ved grava til følgjet kjem. Dei som ber kista, har ansvar for at kista blir senka. Dette blir gjort med tau.

Dei i gravfølgjet som har med blomar/kransar ut, legg desse på tilvist plass ved grava.

### **Fotografering**

Kyrkjeleg tilsette tek korkje bilete eller lyd- og videoopptak før, under eller etter seremonien.

Pårørande eller andre frammøtte som ønskjer å ta bilete og/eller lyd- og videoopptak, gjer dette på eiga ansvar.

Både bilete, lyd- og videoopptak kan innebera behandling av personopplysningar, og nokre gongar fell denne behandlinga innunder gjeldande personopplysningsregelverk (personopplysningsloven og personvernforordninga).

Anna lovverk enn personopplysningsregelverket kan dessutan og gjera seg gjeldande overfor den eller dei som tek bilete eller gjer opptak. For streaming gjeld det same som for det å ta bilete eller gjera lyd- og videoopptak. Streaming skal opplyses om.

### **Antrekk**

Alle kyrkjeleg tilsette skal vera høveleg kledd; diskuré og pent.

## **ETTER GRAVFERDA**

### **Ventekors**

Når grava er fylt att, set kyrkjetenaren opp eit enkelt kors med namn til den gravlagde.

Korset blir ståande fram til det kjem opp eit permanent gravminne.

Blomar frå gravferda blir lagt på grava, men sløyfer blir fjerna. Etter ynskje kan pårørande få med seg sløyfene. Blomane blir liggjande ca ei veke, før kyrkjetenaren fjernar dei.

Etter ei tid blir overflødig jord fjerna, og kyrkjetenaren sår grasfrø på grava.

## **BYGNINGER OG UTEOMRÅDE**

### **Kyrkja og branntryggleik**

Det er kyrkjetenaren som er brannvernleiar og har ansvar for branntryggleiken i kyrkja.

Av omsyn til branntryggleik, er det ikkje anledning til å setja inn ekstra, lause stolar i kyrkja om det kjem fleire menneske enn det er sitteplass til.

Kyrkjetenaren har ansvar for at det ikkje kjem fleire til seremonien i kyrkja enn det brannforskriftene for den enkelte kyrkje tilseier.

Dersom familien ventar at det kjem fleire til seremonien enn det det er plass til i kyrkja, skal kyrkjeverje og prest involverast for å finne ei løysing. Når det er store gravferdsfølgje, skal presten informere om rømmingsvegar før gravferda tek til.

#### **Bårehus**

Det er bårehus på Dovre og Dombås, og dette skal kun brukast til oppbevaring av kistelagde. Ustelte lik og ikkje kistelagde skal ikkje oppbevarast i bårehuset.

Er det to gravferder på same dag, skal kista til gravferd nummer to oppbevarast slik at den ikkje er til hinder eller sjenanse for ei verdig gjennomføring av den fyrste gravferda.

#### **Parkering**

Det skal ikkje stå bilar parkert like ved kyrkja. Unntaket er bårebilen som har sin naturlege plass i nærleiken av kyrkja når kista skal fraktast vidare etter seremonien.

Andre bilar skal parkerast på tilvist parkeringsplass.

#### **Gravplassen**

Vedtekter for gravplassane i Dovre gjev føringar for bruk av gravplassane.

**I tillegg til desse retningslinene, gjeld *Lov om gravplass, kremasjon og gravferd (Gravferdslova)*, *Alminnelige bestemmelser*, ihht. Den norske kyrkja si *Ordning for gravferd 2002*, betalingsattsar fastsett av Dovre kyrkjelege råd, og dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar for smittevern.**



# Nidaros kirketekstiler og utstyr

Dovre kyrkjelege råd

Kongsvøgen 22

2662 Dovre

Trondheim den 07.03.2025

## PRISTILBUD PÅ ENKLE STANDARD BENKEPUTER TIL DOVRE KYRKJE.

Att.: kirkeverge May Uv Myhren

Viser til tidligere telefonsamtale og takker for henvendelsen i mail av 03.03.2025 med forespørsel på pristilbud av 140 små puter i standard størrelse (360 x 400mm) til Dovre kyrkje. Prøvepute og fargekart er sendt tidligere.

Pris pr. pute kr. 1.102,00 eks merverdiavgift. For 140 puter	kr. 154.280,00
25% merverdiavgift	<u>kr. 38.570,00</u>
<b>Sum</b>	<b><u>kr. 192.850,00</u></b>

Frakt kommer i tillegg.

Leveringstiden er normalt 8-10 uker i fra bestillingstidspunktet. Når det gjelder fargevalg, så må de fleste fargene veves opp på nytt. Det er få farger som er lagervare, så derfor vil det minst ta 6-7 uker ut over normal leveringstid.

Nå ser jeg at kyrkjelege råd står mellom Krus, Innvik farge nr. 437 og Fjord farge nr. 721. Undersøker om disse to fargene er på lager og gir tilbakemelding. Prismessig er det ingen forskjell på de to kvalitetene.

Tilbudets varighet 60 dager i fra dato.

Putene har en tykkelse på 4cm. og har skliunderlag på baksiden. Putetrekket er avtagbart med glidelås i bakkant. Fyllet i putene er skum, type Wef 45 og er beregnet for hard bruk i offentlige rom. Stoffet er kraftigere/fastere type enn det en normalt bruker. Derfor er det tilstrekkelig at putene ikke er tykkere enn 4 cm. Skummet er trukket med et tynt stretchstoff, slik at det er lettere både å ta av og ta på trekket.

Det er Innvik veveri i Møre og Romsdal (tidligere Sellgren veveri) som produserer og vever både stoffet «Krus» og stoffet «Kvadrat/Fjord 2»

«Krus» har vært på markedet i årtier og har et svært godt renomme både for slitestyrke og for en god vevstruktur. Kvaliteten er i 68% ull, 26% bomull og 6% polyamid. Ved rengjøring benyttes skumrens.

Stoffet er målt etter Martindale og har en slitestyrke på 103000 omdreininger. For offentlig bruk er 55000 regnet som høvelig. Særlig hard bruk som kino og institusjoner ol. er 80000 regnet som tilstrekkelig.

Stoffet «Kvadrat/Fjord 2» har også en stor slitestyrke. Selve strukturen i veven er glattere og dermed ikke så grov i veven som «Krus». Dette er også et nydelig stoff og består av 92% ull/kamgarn og 8% nylon.

Også «Kvadrat» måles etter Martinedalemetoden. Dette stoffet har en slitestyrke på 60000 omdreininger.

Jeg takker for forespørselen og håper å komme i betraktning ved en eventuell bestilling.

Er det spørsmål, så vennligst ta kontakt.

Med vennlig hilsen

  
Vigdis Marie Eli

Innehaver

Kopi: Flaatex, Trondheim

---

Firmanavn:	Nidaros kirketekstiler og utstyr	Mobilnr.: 995 06 248	E-mail <a href="mailto:post@kirketekstiler.no">post@kirketekstiler.no</a>
Adresse:	Fykenvegen 14		<a href="http://www.kirketekstiler.net">www.kirketekstiler.net</a>
Postnr.:	7054 Ranheim	Orgnr.: 985 465 878MVA	<a href="https://www.facebook.com/kirketekstiler.net">www.facebook.com/kirketekstiler.net</a>